

Strandsonekartlegging i Sunnfjord kommune

Kartlegging av Jølstravassdraget

- Arealstatus
- Verdifull natur og kantvegetasjon
- Funksjonell strandsone



Sunnfjord
kommune

Rapportdato: 04.03.2026



Innhold

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | INNLEIING | 2 |
| 2 | KVIFOR KARTLEGGE VASSDRAGSVERDIAR? | 3 |
| 3 | NYTTE OG BRUK AV KARTLEGGINGA | 4 |
| 4 | KARTLEGGINGSOMRÅDET: JØLSTRAVASSDRAGET | 6 |
| 5 | METODE | 7 |
| 5.1 | GRUNNLAG FOR ANALYSANE | 7 |
| 5.2 | AREALSTATUSKARTLEGGING | 8 |
| 5.3 | VERDIFULL NATUR OG KANTVEGETASJON | 9 |
| 5.3.1 | <i>Gjennomføring av kartlegginga</i> | 9 |
| 5.4 | FUNKSJONELL STRANDSONE | 11 |
| 5.4.1 | <i>Kriterium</i> | 11 |
| 6 | AREALSTATUSKARTLEGGING | 14 |
| 7 | VERDIFULL NATUR OG KANTVEGETASJON | 19 |
| 8 | FUNKSJONELL STRANDSONE | 21 |
| 8.1 | DELOMRÅDE FØRDE SENTRUM TOM. BRULAND | 21 |
| 8.2 | DELOMRÅDE BRULAND TOM. REVSNESET/ KORSNESODDEN | 23 |
| 8.3 | DELOMRÅDE REVSNESET/ KORSNESODDEN TOM. MO/ STEVOLLEN | 25 |
| 8.4 | DELOMRÅDE MO/ STEVOLLEN – STØVRING | 27 |
| 8.5 | DELOMRÅDE STØVRING TOM. VASSENDEN | 30 |
| 8.6 | DELOMRÅDE NORDSIDA AV JØLSTRAVATNET (VASSENDEN – SKEI – KJØSNES) | 31 |
| 8.7 | DELOMRÅDE SØRSIDA AV JØLSTRAVATNET (VASSENDEN – SANDVIKA) | 35 |
| 8.8 | DELOMRÅDE KJØSNESFJORDEN | 39 |
| 9 | VEDLEGG | 43 |

1 Innleiing

Sunnfjord kommune ønskjer å kartlegge og analysere strandsona langs sjø og vassdrag, med sikte på ei differensiert forvaltning med omsyn til natur, kulturmiljø, friluftsliv og andre ålmenne interesser. Ambisjonsnivået for prosjektet er å kartlegge og fastsette funksjonell strandsona langs sjø og hovudløpet i elvene Nausta, Jølstra, Anga og Gaula. I 2025 er arbeidet avgrensa til eit første steg, der Styringsgruppa har prioritert å fokusere på Jølstra. Dette er eit område med høgt press frå utbygging og menneskeleg aktivitet, samstundes som det framleis er viktige naturverdiar i og langs vassdraget.

Målet med prosjektet er å kartleggje og analysere funksjonell strandsona langs hovudløpet frå og med Jølstravatnet til og med utløpet i Førdefjorden, samt gi oversikt av område med potensial for verdifull natur og kartlegge kantvegetasjon.

Sunnfjord har definert at dei ønskjer å nytte metoden i strandsonerettleiaren frå fylkeskommunen som eit utgangspunkt, med fokus på *arealstatus og funksjonell strandsona*. I Vestland fylkeskommune sin digitale strandsonerettleiar er metode for kartlegging av funksjonell strandsona skildra. Metoden er laga først og fremst med tanke på kartlegging av strandsona mot sjø, og ikkje langs vassdrag. Fylkeskommunen har likevel gitt uttrykk for at det er interessant og spanande å få prøvd ut metodikken for vassdrag, og dette kan gi nyttig erfaring og innsikt for både Sunnfjord kommune og andre i vidare arbeid. Det er mykje av dei same forholda som blir kartlagt, sjølv om forholdet til 100-metersbeltet er friare langs vassdrag.

Funksjonell strandsona er eit kunnskapsgrunnlag og ei kartlegging av strandsoneverdiar basert på kjent kunnskap. Den funksjonelle strandsona er ei avgrensing av område som har vassdrag- og strandsoneverdiar, og sona kan vera mindre og meir enn 100-metersbeltet.

“Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet”

Strandsonerettleiar Vestland (2022)

Andre deloppgåve i prosjektet er å identifisere verdifull natur som ikkje er kartlagt tidlegare eller som treng supplerande eller revidert kartlegging. Naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks er ikkje ein del av dette oppdraget, men instruksjonen utgjer ein bakgrunn for arbeidet med å identifisere natur som bør kartleggjast. Verdifull natur er samtidig ikkje avgrensa til typene i instruksjonen. Til dømes vil kantvegetasjon langs vassdraget ha verdi i lys av funksjonane den har for vassmiljøet. I dialog med kommunen som del av oppstartsfasen for prosjektet er kartfesting av eksisterande kantvegetasjon teke inn som ei deloppgåve i oppdraget.

Arbeidet er gjennomført av Nordplan Stord (tidlegare ABO Plan & Arkitektur Stord AS) og Nordplan AS i samarbeid med Sunnfjord kommune. Prosjektmedarbeidarar i arbeidet har vore Turid Verdal (Nordplan Stord) og Marte Turtum (Nordplan).

2 Kvifor kartlegge vassdragsverdiar?

Plan- og bygningslova legg føringar for heilskapleg arealforvaltning, der bruk av areal og andre naturressursar vert vurdert saman. Sidan 1950-talet har Noreg hatt eigne reglar for bruk og vern av strandsona. Målet er at strandsona skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta.

I Plan- og bygningslova §1-8 er det eit generelt krav til at det i 100-metersbeltet til sjø og vassdrag skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I lovkommentaren til plan- og bygningslova § 1-8 finn ein:

«Hensynet til verneinteressene knyttet til viktige vassdrag er fremhevet. Det er ikke noe generelt forbud mot å bygge i strandsonen langs vassdrag, men kommunene vil etter bestemmelsen ha en plikt til å vurdere om det skal fastsettes en byggegrense i kommuneplanens arealdel, for på den måten å ivareta viktige natur-, kulturmiljø- og friluftsinnteresser langs vassdragene.

Vassdragene er viktige elementer i norsk natur. Få andre nasjoner i Europa kan vise til lignende variasjon i vassdragsnaturen. Samtidig har vann og vassdrag til alle tider vært viktig lokaliseringfaktor for bosetting og ferdsel, og område for friluftsliv. Store deler av landets kulturminner og kulturmiljøer finnes derfor i vassdragsnære områder. Eksempler på inngrep som kan skade verneverdier i vassdrag er vegbygging, masseuttak, bygg og anlegg».

Vassdrag med tilhøyrande strandsoner har stor verdi for økosystem og naturmangfald, kulturmiljø og historie, friluftsliv og rekreasjon, samt er eit tydeleg landskapselement og fungerer som «grøne lunger» i bymiljø. Vegetert kantsone er viktige vandingsvegar og bindeledd mellom grøntområde. I tillegg har strandsonerealea ein viktig funksjon for flaumsikkerheit og erosjonssikring, avrenning og klimaendringar.

Det er ofte ein tradisjon for bruk av areal til busetnad, jordbruk og næringsverksemd langs vassdraga (inkl. kraftproduksjon). Tiltak og arealbruk kan påverke vassførekomstane sin kjemisk og økologisk tilstand. Avrenning til vassførekomsten er ein type påverknad som arealbruk kan medføre, døme på dette er frå jordbruk, næring/deponiområde eller utbygging. Planting av framande artar i nærleik av vassdrag er også relevant i denne samanhengen. Det er viktig å vera medviten på kva som kan tillatast av tiltak og bruk nærme vassdraget der det er liten avstand til vassførekomsten og dermed høg sannsyn for påverknad, men også i vassdraget sitt nedslagsfelt.

Loverket er tydeleg på at strandsona til vassdrag er viktig å ta vare på. For å oppnå dette må det m.a. sikrast tilstrekkeleg avstand mellom tiltak og vassdraget slik at ei god og funksjonell kantsone kan oppretthaldast. Kartlegging av arealstatus, kantvegetasjon og funksjonell strandsoner vil i denne samanhengen vera ei god kunnskapskjelde for vidare areal- og naturforvaltning.

3 Nytte og bruk av kartlegginga

Gjennom å kartlegge arealstatus, kantsone/-vegetasjon og funksjonell strandsone får ein eit verktøy for vurdering av område som skal takast vare på, tilpassa bruk og område som kan leggjast til rette for utbygging. Resultata kan nyttast for seinare oppfølging både til natur- og arealforvaltning. Datagrunnlaget kan også nyttast som eit grunnlag for vidare detaljering av verdiar og kvalitetar, samt sjåast i samanheng med andre tema som t.d. naturfare og naturforvaltning.

Funna frå kartleggingsarbeida i denne rapporten kan nyttast som eit kunnskapsgrunnlag for følgjande:

- Metode- og kunnskapsgrunnlag for kartlegging av vassdrag
Metoden for kartlegging av funksjonell strandsone presentert i Vestland fylkeskommune sin digitale strandsonerettleiar er tilpassa til kartlegging av strandsona langs vassdrag. Prosjekter her er første prøve på metodikken for vassdrag. Dette gir nyttig erfaring og innsikt for Sunnfjord kommune, men og for andre. Det bør gjennomførast ei evaluering av kartlegginga gjennomført for Jølstravassdraget før ein nyttar metodikken i nye prosjektområde.
- Kunnskapsgrunnlag for prioritering av område og naturmangfald som bør kartleggjast i kartleggingsområdet
Naturtypekartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks er ikkje ein del av dette oppdraget. Arbeidet har identifisert verdifull natur som ikkje er kartlagt tidlegare og som treng supplerande eller revidert kartlegging.
- Kunnskapsgrunnlag for arealstatus og arealrekneskap
Kartlegginga vil vera eit kunnskapsgrunnlag for halde jamleg oversikt på arealstatus i kartleggingsområdet. Dette er nyttig i samband med arealrekneskap, vurdering av enkelt sakar og i samband med kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.
- Kunnskapsgrunnlag for å sikre viktige verdiar mot framtidig utbygging
Verdiar og omsyn langs vassdraget kan synleggjerast og sikrast gjennom føresegner og/eller i plankart. På denne måten kan ein sikre ei prioritering av bruk/vern, samt at ny utbygging tek omsyn til verdiane som er kartlagde. Areala kan takast i vare ved bruk av omsynssoner eller arealføremål som til dømes landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) eller grønstruktur (natur-/friluft-/friområde). Kartleggingane kan til dømes gi bakgrunnsinformasjon og grunnlag for å sikra lokale fiske-/badeplassar som vert nytta til friområde, eller særleg viktig naturområde som t.d. kantvegetasjon. Kartleggingsarbeida kan også nyttast i samband med vurdering av ålmenta si tilgjenge til vassdraget og prioritering av kva område som treng tilkomst/friområde el.l..
- Kunnskapsgrunnlag i samband med konsekvensutgreiing
Kartleggingane vil vera eit kunnskapsgrunnlag for å avdekke målkonfliktar, og vil vera eit av fleire faggrunnlag for å ta medvitne val og prioriteringar av framtidig arealbruk.

Som regel vil areal tett på vassdrag ha høg verdi og ny arealbruk vil i dei fleste tilhøve gje negative konsekvensar for området. Gjennomførte kartleggingar gir grunnlag for å kunne differensiere verdiane og vurdere konsekvensane for ny arealbruk innanfor 100-metersbeltet til vassdraget. Til dømes kan område innanfor 100-metersbeltet, men utanfor funksjonell strandsone vurderast for nye tiltak dersom dei heilskaplege omsyna for planlegging elles er ivaretekne. Areal innanfor funksjonell strandsone bør generelt sett ikkje opnast for ny utbygging. Samstundes kan utbygging som må liggje til vassdraget vurderast innanfor funksjonell strandsone.

- Kunnskapsgrunnlag for arbeid knytt til planvask
I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel skal eksisterande arealbruk vurderast i høve til nye krav og føringar, m.a. ref. Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2023-

2027. Planvask betyr i praksis ei oppdatering og revidering av eldre planar for å unngå arealbruk som er i strid med den ønska utviklinga i samfunnet. For tema strandsone og vassdrag inneber dette ei vurdering av om tidlegare vedtekne område for utbygging, som ikkje er bygd ut, skal oppretthaldast eller takast ut av kommuneplanen.

- Kunnskapsgrunnlag for fastsetjing av byggjegrænse

Når ein skal vurdere byggjegrænse mot vassdrag skal verknadene av utbygging for naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturmiljø og andre allmenne interesser vurderast grundig. Kartlegginga i denne rapporten vil kunne vera eitt av fleire kunnskaps- og vurderingsgrunnlag for å fastsetje ny byggjegrænse.


Kartlegginga er tilpassa kommuneplannivået og bør ikkje nyttast direkte i reguleringsplanarbeid. I arbeid med nye reguleringsplanar eller t.d. søknad om tiltak i kantsona/ konsesjonssøknadar bør strandsone- og vassdragsverdiene kartleggjast ytterlegare i detalj. Døme på forhold som nødvendigvis ikkje er fanga opp i denne kartlegginga er lokale stiar/tråkk, ukjente kulturminne eller lokalt naturmangfald/naturtypekartlegging. Dette må i detaljplanprosessane undersøkast og sikrast. Lokale forhold til naturtypar, artar, landskap og landskapstilpassingar av tiltak er forhold som bør analyserast ytterlegare og meir i detalj.

Langs vassdraga er det mange interesser og verdiar som skal takast omsyn til. I kartleggingsområdet er det mellom anna fleire kraftverk og flaumsikringstiltak som inneber tiltak i kantsona til vassdraget. Slike område kan sjåast på som menneskeskapt/-påverka, der areala like etter opparbeiding vil vera gråareal. Nokre slike tiltak vil likevel kunne gradvis takast tilbake av naturen og framstå som «naturområde». Samstundes vil det vera trong for tilsyn/vedlikehald/oppgraderingar for at t.d. flaumsikringstiltaka skal oppretthalde funksjonen sin. Slike areal vil periodevis vera gråareal og periodevis naturområde. I dette bildet er også forholdet til framande artar og massehandtering relevant å nemne. Til dømes vil anleggsarbeid med handtering av massar, kantslått langs hovudveggar, tilplanting av framande artar/hageplantar og dumping av hageavfall nær vassdrag kunne påverke den naturlege vegetasjonen og kan vera ein trussel mot den stadeigne naturen. Dette er dilemma og målkonfliktar som areal- og naturforvaltninga må vurdere.


Kartleggingane som er gjennomført i Jølstravassdraget vil vera eit kunnskapsgrunnlag og vil vera eit av fleire faggrunnlag for å ta medvitne val av framtidig arealbruk og føringar.

4 Kartleggingsområdet: Jølstravassdraget

Sunnfjord kommune ligg i nordre del av Vestland fylke. Det er registrert 22 710 innbyggjarar i kommunen (1. kvartal 2025). Kommunen sitt samla areal er 2 208 km², der av landareal på om lag 2 070 km². Arealklasse klassifisert som ferskvatn er om lag 148 km². Førde er kommunesenteret i kommunen, der Jølstravassdraget har utløp til Førdefjorden.



Sunnfjord kommune har definert kartleggingsområdet til å vera strandsona langs Jølstra frå og med Kjøsnestvassdraget/Jølstervatnet til og med utløpet i Førdefjorden. Løyken i Førde er ikkje ein del av oppdraget.



Figur 1 Oversikt kartleggingsområdet.

Vassdraget med tilhøyrande strandsoner inneheld ei rekke lokalitetar med verdifull natur kartlagt etter DN Handbok 13 eller Miljødirektoratet sin instruks (NiN). Det er ingen naturvernområde i eller langs vassdraget. I tillegg er det kantvegetasjon, flaummarkskog og liknande, pluss nedste delar av ei rekke vassførekomstar som drenerer til hovudløpet. Nedre delar av vassdraget er viktig for laks og sjøaure, medan resten av elva og Jølstravatnet har god bestand av storbrunaure. Store delar av vassdraget er kartlagt og vurdert som svært viktige friluftsområde. I Vann-Nett er Jølstra delt inn i følgjande vassførekomstar:

- Jølstra 084-26-R
- Movatnet 084-1733-L
- Jølstra nedstrøms Stakaldefossen kraftverk 084-311-R
- Jølstra Vassenden-inntak Stakaldefossen kraftverk 084-353-R
- Jølstravatnet 084-1734-1-L
- Kjøsnesfjorden 084-1734-2-L

Gjeldande arealdel av kommuneplan og ei rekke reguleringsplanar gjeld for arealbruken i og langs vassdraget. Det er fastsett byggegrenser og føresegner langs delar av hovudløpet. Vassdraget er utbygd til fleire vasskraftverk, og vert nytta til drikkevassforsyning og som avløpsresipient.

5 Metode

5.1 Grunnlag for analysane

Analysane er bygd på eksisterande digitale data:

- Felles kartdatabase (FKB)
- Digital markslagskart (Ar5)
- Naturtypar, marine naturtypar, artsførekomstar, artsregistreringar (Miljødirektoratet)
- Databasen Askeladden og SEFRAK registeret (Vestland Fylkeskommune)
- Lokale friluftsområde (Sunnfjord kommune / naturbase)
- Kommuneplan for Sunnfjord inkl. omsynssoner for natur, friluftsliv og natur
- Reguleringsplanar i Sunnfjord
- Flyfoto / ortofoto
- SR16 og SAT skog

Datagrunnlaget for Sunnfjord kommune er henta frå Geonorge.no august 2025. Alle analysane er gjennomført ved bruk av ArcGIS Pro/QGIS.

Analysane er utarbeidd frå eksisterande datagrunnlag. Feil og generaliseringar i datagrunnlaget, samt i analysane, kan ha påverka kvaliteten på resultatane. Vurderingane er gjennomført på eit overordna nivå og vil spegla realiteten på ein grov måte.

Kartleggingane er kartlagt ut frå dagens situasjon og tek ikkje høgde for evt. framtidig utbygging av område. Kartleggingane er basert på konkrete, men også skjønsmessige kriterium. For å redusera feilmargin/feilkjelder er det gjennomført kontroll gjennom feltarbeid frå land, samt 3D-kart (kommune-kart.com). Det er diskutert bruk av drone i prosjektet, men valt å ikkje ta i bruk dette då areala i kartleggingsområdet er relativt godt tilgjengeleg. Bruk av drone kan vera nyttig andre kartleggingsområde som er mindre tilgjengeleg frå land eller frå båt, for på den måten få god oversikt på området utan vesentleg høg ressursbruk og kostnad.

5.2 Arealstatuskartlegging

Sunnfjord kommune har gjennomført GIS-analyse for arealbruk og arealstatus innanfor kartleggingsområdet, Jølstravassdraget. Analysen gir ein oversikt med tal/statistikk og kart over område med og utan tiltak/inngrep. Dette er dagens status og gir eit arealrekneskap for kor mykje av 100-metersbeltet langs vassdraget som er natur-/friluftsområde. Analysen tek utgangspunkt i dagens situasjon, og kan utførast årleg for å få ein oversikt på utvikling og nedbygging langs 100-metersbeltet i vassdraget.

Analysen er basert på SSB sin metodikk for [byggeaktivitet i strandsona](#) og [vassdrag](#). I tillegg er den noko tilpassa Sunnfjord kommune. Der er det er gjort ei tilpassing er det skildra i teksten under.

SSB definisjon: «*Vassdragssone: Areal 100 meter vinkelrett inn over land fra innsjøer og større elver, målt i horisontalplanet. Vannflater på land er ikke inkludert i strandsonerearealet i statistikken over arealstatus i vassdragssonen*». I rapporten vert vassdragssoneareal referert som *100-metersbeltet langs vassdraget*.

Inngrepsfri strandsona er areal som ikkje er tiltak- eller bygningsnært. Dette er areal som ikkje er nærmare enn 50 meter frå næraste bygg og demningar, areal som ikkje er dyrka mark eller omfattar vegar eller permanente anleggsområde og parkering.

Potensielt tilgjengeleg strandsona er areal som er inngrepsfrie og har ein topografi som er slakare enn 25 graders helling.

Inngrepsnær strandsona omfattar følgjande:

- Bygningsnært areal: Bygningsnært areal er utbygd areal med alle bygg si grunnflate uansett bygningstype og 50 meter buffer frå yttervegg til alle typar bygg med unntak av naust/båthus/sjøbu, industribygg og hotellbygg. Datakjelde: FBK bygg.
- Dyrka mark: All dyrka mark som er kartfesta i AR5. Dette inkluderer fulldyrka mark, overflate dyrka mark og innmarksbeite. Det er sjølve kartfesta dyrka mark som er definert som tiltak/inngrep.
- Vegareal: Alle vegar kartfesta i FKB veg er inkludert i analysen. Dette er køyrevegar, vegar definert som skogsbilveg, samt gang- og sykkelvegar. Køyrevegar og skogsbilvegar er lagt til med 6 meter buffer frå vegkant. Dette avviker SSB sin metode.
- Parkeringsareal: I samråd med kommunen er større asfalterte parkeringsareal inkludert i analysen som inngrep. Det er sjølve kartfesta tiltak som er definert som tiltak/inngrep. Desse tiltaka er ikkje del av SSB sin metodikk. Kjelde: Kommunen sitt lokale datasett for parkeringsplassar i Førde sentrum og objekttypen "Parkeringsområde" i FKB veg.
- Demningsanlegg: I samråd med kommunen har ein inkludert demningsanlegga i vassdraget med ein 50 meter buffer kring anlegget. Dette omfattar demningsanlegga ved Sandbrekka og Fosshaugen/Stakaldefossen. Desse tiltaka er ikkje del av SSB sin metodikk. Kjelde: FKB bygningsanlegg
- Permanente anleggsområde: I samråd med kommunen har ein inkludert permanente anleggsområde, som driv med massehandtering/område for steinuttak/deponi. Det er sjølve kartfesta tiltak som er definert som tiltak/inngrep. Desse tiltaka er ikkje del av SSB sin metodikk. Kjelde: siste tilgjengelege ortofoto, og polygona er teikna manuelt.

Det er valt å ikkje inkludere areal nytta som idrettsanlegg eller golfanlegg som tiltak, og dermed ikkje definert det som inngrep i strandsona. Bakgrunnen for dette er at dette er desse areala er potensielt tilgjengeleg for ålmenn bruk og tiltaka er i stor grad irreversible. Det er også valt å fjerne polygon som er mindre enn 100 m², då små areal vert betrakta som «støy» i analysen.

Inngrepsfri strandsona er areal som ikkje er omfatta/nærleiken av tiltak. Inngrepsnær strandsona omfattar tiltak med buffersoner som gjer at ulike tiltak overlappar kvarandre. Til dømes er det overlapp mellom bygningsnært areal og dyrka mark. Talet inngrepsnær strandsona er differansen mellom totalt strandsonareal og inngrepsfri

strandsone. Det er valt å syne omfang av dei ulike tiltaka som eigne tal i resultatata, og i temakarta er tiltak utan buffer synt over tiltak med buffer.

5.3 Verdifull natur og kantvegetasjon

Kantsona er sona mellom vassdraget og eit avgrensa stykke innover land. I denne sona skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gjev levestad for planter og dyr (jf. vassressurslova). Kantvegetasjonen er viktig som leveområde for fugl, insekt og planter. Insekt som lev i kantvegetasjonen er viktig som føde for fisk og fugl. Kantvegetasjonen fungerer og som korridor for pattedyr (f.eks. rådyr, rev og grevling). Trær i kantsona gjev skygge og sørger for at vatnet ikkje blir for varmt, syt for tilførsel av organisk materiale til elva (blader o.l.) og greiner og død ved som fell ut i vatnet gjev skulestad og varierte levestader for fisk.

I NVE sin rettleiar om [skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag](#) er det tilrådd ei kantsone med ei breidde på 30 meter for å ivareta fisk fullt ut. Den same breidda gjeld og for amfibium og pattedyr som lev i kantsona. For å ivareta leveområdet for fuglar og større pattedyr bør kantsona ideelt sett vere minst 100 meter på kvar side av vassdraget. Breidda på sona bør reknast frå sona som definerst ved 10-årsflaum (jf. NVE sin definisjon på vassdrag).



Figur 2 Utklipp frå NVE sin rettleiar bilde og tekst: «Figuren viser den optimale effekten av naturleg vegetasjon i kantsonen for ulike formål, basert på de fleste gjennomgånne litteraturhenviingene. Formål i parentes indikerer at noen studier har observert fordelaktige effekter også ved smalere kantsoner. Alle breddemål er gitt for én side av vassdraget, så en breddeangivelse på 10 meter betyr en total bredde av naturleg kantvegetasjon på 20 meter».

5.3.1 Gjennomføring av kartlegginga

Feltarbeid er gjennomført 9-10. september 2025. Kartlegging føregjekk frå bil og delvis til fots. Som grunnlag for feltarbeidet og resultatet er temakart som dekker heile kartleggingsområdet, der potensiell sone for kantvegetasjon, samt 100 meter og 30 meter avstand frå vasskonturen er vist.

Kartlaget *potensiell sone for kantvegetasjon* er basert på datasett for skog frå AR5 og SR16 som overlappar med aktsemdssone for flaum (NVE). I kartlegginga har ein analysert og lagt til rette for leveranse av to datasett:

1) Kantsone, kategorisering av «arealstatus – kantsone/kantvegetasjon»

Kantvegetasjon er inndelt i desse kategoriane:

- Skog: Område kategorisert som skog har ei breiare sone med tre enn i kategorien med naturleg spreidd kantvegetasjon.
- Naturleg spreidd vegetasjon: Areal med spreidde enkelttre eller enkelttre langs elvekanten, men der beltet med tre ikkje er bredt nok til å bli definert som skog.
- Manglande kantvegetasjon: Denne kategorien består av «gårareal», som til dømes elveforbygningar, der det ikkje veks vegetasjon i det heile (heller ikkje enkeltbuskar/ gras osv.). I tillegg, område med

svært avgrensa vegetasjon som gras og enkelte buskar i sona nærmast vassdraget. Hovudintrykket er at kantvegetasjonen manglar heilt/sporadisk, eller der det er noko vegetasjon at den har svært avgrensa økologisk funksjon som t.d. skjul for fisk i vassdraget.

- Park: Parkområde er definert som opparbeidde område utan naturleg vegetasjon og med tilrettelegging for menneskeleg aktivitet, men som har grøntareal som berre grasplen eller grasplen med enkelte planta tre.
- Skog/Naturleg spreidd vegetasjon
- Naturleg spreidd vegetasjon/Manglande

Kommentarar til vurdering av dei ulike kategoriane: Kategoriane vart brukt litt ulikt langs vassdraget nedstraums Jølstravatnet og langs Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden. Langs elva nedstraums Jølstravatnet er landskapsrommet mykje mindre enn langs dei store vatna. Kva som opplevast som skog og kva som opplevast som «spreidd vegetasjon» blir påverka av kva for skala ein opererer i, og dette har prega kartlegginga og bruken av kategoriane i denne kartlegginga. Langs vassdraget er ein mykje tettare på, og det skal mindre til for å oppfylle kategorien «skog» enn kva som er tilfelle langs Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden.

Kommentar samanslåing av fleire kategoriar i dei større landskapsromma: Langs Jølstravassdraget og Kjøsnesfjorden er det valt å slå saman kategoriane manglande kantvegetasjon og naturleg spreidd kantvegetasjon. Fleire stader står det enkelte tre med lang avstand imellom, som ikkje passa inn i nokon av kategoriane åleine. Stadvis var det også mindre areal med naturleg spreidd kantvegetasjon iblanda areal med manglande kantvegetasjon. På grunn av dette er det sett som mest hensiktsmessig å slå saman to kategoriar i dei større landskapsromma. Der areala med naturleg spreidd kantvegetasjon eller manglande kantvegetasjon derimot utgjorde eit lengre strekke vart dette inndelt i eigne kategoriar. Den same vurderinga er gjort for kategoriane naturleg spreidd kantvegetasjon og skog langs dei to store vatna.

2) Kantvegetasjon skog

Datasettet *kantvegetasjon skog* syner ei arealavgrensing der arealstatuskartlegginga har kategorisert kantsona som skog. Dette er ei kvalitetssikring av datasett frå AR5 og SR16.

I visse område strekk skogsområda seg langt inn på land. For avgrensing av kantvegetasjon skog tek ein utgangspunkt i [NVE sin rettleiar](#) om skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag. Her er det tilrådd ei kantsone med ei breidde på 30 meter for å ivareta fisk og anna naturmangfald i vassdraget. Den same breidda gjeld og for amfibium og pattedyr som lev i kantsona. Rettleiaren viser også til at for å ivareta leveområdet for fuglar og større pattedyr bør kantsona ideelt sett vere minst 100 meter på kvar side av vassdraget.

Basert på dette har ein i område der skogen går langt inn på land gjort følgende avgrensing:

- Kantsona avgrensast til 30 meter der det ikkje er registrert naturtype, t.d. flaummarkskog, som strekk seg vidare inn på land. Strekk registrert flaummarkskog seg lengre inn på land enn 30 meter vert grensa sett der naturtypen sluttar.
- Der det er større barrierar, som t.d. større hovudvegar, vert dette avgrensinga for datasettet.
- Sidevassdrag er del av datasettet inntil 30 meter frå vasskonturen dersom det ikkje er naturleg barrierar som avgrensar kantsona.

Kommentar til kartlegging langs Kjøsnesfjorden: Store deler av Kjøsnesfjorden er ikkje synfart då det er lengre strekker utan vegtilkomst. Det er gjort ei kost-nytte vurdering og konkludert med at det ikkje er hensiktsmessig å bruke tid på å synfare strekket til fots/frå båt. Langs Kjøsnesfjorden er difor vurderingane basert på observasjonar frå avstand, flyfoto, samt datasetta frå AR5 og SR16. På bakgrunn av dette er det valt å ikkje avgrense kor langt skogen strekk seg innover land. Her består difor kartlegginga berre av ei inndeling i kategoriar og er levert som del av datasettet «Arealstatus – kantsone/kantvegetasjon». Vi antek at dei sonene som er kategorisert som *Skog/naturleg spreidd vegetasjon* i stor grad ville omfatta areal inn

til 30 meter eller naturlege barrierar som t.d. køyre-/traktorveg eller hogd trasé for høgspenteleidning. Dette forholdet er lagt inn som informasjon i pdf *Temakart kantsone*.

5.4 Funksjonell strandsone

Kartlegging av funksjonell strandsone inneber ei analyse av landskap og landskapselement, og krev mellom anna synfaringar og flyfoto/kartstudiar. Gjennom ei slik kartlegging kan ein differensiera strandsoneverdiane basert på fastsette kriterium. Kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og tilgjenge for ålmenta står i fokus.

Kartleggingsarbeidet er utført basert på eksisterande data, flyfoto og synfaring frå land. Som grunnlag for synfaringa er det utarbeidd temakart som inkluderer alle kjente data. Temakart for kartlegginga og utvalde bilde frå delområda ligg som vedlegg til rapporten. Ut frå temakarta og studie av flyfoto er det gjort ei vurdering av strandsoneverdiane før synfaring. Temakarta er vidare nytta som bakgrunnsinformasjon for feltarbeidet. Synfaring gir eit anna perspektiv enn det ein kan lesa ut frå flyfoto og temakart, og er såleis ein viktig korrigerande del av kartlegginga. Feltarbeid er gjennomført 9-10. september 2025. Kunnskapsgrunnlaget er henta frå kjente databasar og kommunen sin forvaltningsdatabase (data motteke august 2025), samt supplert med informasjon etc. frå kommunen.

5.4.1 Kriterium

Basert på definisjonen av funksjonell strandsone er det utarbeidd kartleggingskriterium tilpassa for kartlegging langs vassdrag. Til saman vil kriteria gi eit heilskapleg og konkret grunnlag for å definere areal som i funksjonell strandsone. Avgrensingane er fastsett i tråd med følgjande definerte kriterium: Biologisk mangfald, landskap, kulturminne/ kulturmiljø, friluftsliv, landbruk, eksisterande infrastruktur og eksisterande plan. I område der fleire kriterium er relevante er desse sett i samanheng og det er gjort ei vurdering av kven av desse som er avgjerande for fastsetjing av funksjonell strandsone. I det vidare vert kriteria utdjupa nærare.

I deler av kartleggingsområdet er funksjonell strandsone lagt generelt 30 meter frå vasskonturen. Bakgrunnen for val av 30 meter er NVE sin rettleiar om skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag. I rettleiaren er det vist til at areal innanfor denne sona gir grunnlag for naturmangfald med tett kopling til vassdraget. Dette prinsippet er særleg nytta for lengre delstrekke utan utbygging eller infrastruktur, område med store opne landskapsrom danna av jordbruksareal, eller område med einsarta natur og topografi. Prinsippet er også nytta i område der ingen av kriteria skildra i dei neste kapitela er framtreddande.

5.4.1.1 Biologisk mangfald

Område som finst kartfesta i offentlege databasar med biologisk mangfald, t.d. naturtypar, skog/myr i AR5, er kunnskapsgrunnlag i kartlegging av funksjonell strandsone. I tillegg er det ved synfaring sett etter anna biologisk mangfald som ikkje er kartfesta i offentlege databasar som naturtype. Her har ein sett etter naturområde som har direkte tilknytning til vassdraget/har kvalitetar og relasjon til vassdraget. Dette er areal som er ein naturleg del av den funksjonelle strandsona. Samstundes er ikkje alle registrerte naturtypar i kartleggingsområdet inkludert i den funksjonelle strandsona. Forholdet til om naturtypen er direkte knytt til økosystem vassdrag, lokalisering og topografisk tilknytning er vurdert i kvar enkelt sak. Det er ikkje gjennomført naturtypekartlegging etter metodikk frå DN (NiN-metodikk) som del av prosjektet.

Kartleggingsarbeidet skildra i kapittel 5.3 og 7, om verdifull natur og kantvegetasjon, er nytta som nytt kunnskapsgrunnlag i fastsetting av funksjonell strandsone. Areal som er definert som kantsone med skog/spreidd vegetasjon/park er naturleg del av den funksjonelle strandsona.

For større sidevassdrag er det naturleg at delar av sidevassdraget si strandsone vert teke med som ein del av funksjonell strandsone. I kartlegginga har ein lagt til grunn eit prinsipp om at minimum 30 meter inn frå vasskanten til Jølstravassdraget er del av funksjonell strandsone dersom ikkje hovudveg splittar tydeleg side-

vassdraget frå hovudvassdraget. I naturområde som strekk seg over lengre parti, som t.d. i Kjøsnesfjorden, er større sidevassdrag som ikkje er splitta av veg inkludert tom. 100 meter frå vasskonturen.

Dersom registrert naturverdi strekk seg veldig langt innover land og det ikkje er naturleg å inkludere heile arealet/registreringa grunna andre kriterium, er det valt å avgrense den funksjonelle strandsona til 30 meter frå vassdraget. På sørsida av Kjøsnesfjorden dannar høgspenlinje eit klart skilje med hogstfelt under linja nokre stadar. Funksjonell strandsona er i delområde avgrensa av dette hogstfeltet/barrieren.

5.4.1.2 Landskap

Strandsona langs vassdrag kan ha kvalitetar som er knytt til eit landskapsrom som naturleg vender seg mot vassdraget. Kartleggingsområda har ulik utforming og sårbarheit, sjå skildring av kvart enkelt delområde i kapitel 8 (resultat). Kriteriet landskap er i stor grad nytta i samanheng med andre kriterium, spesielt bygd situasjon, og forsterkar grunnlaget for fastsetting av funksjonell strandsona.

Definerte landskapsrom kan ha ei naturleg topografisk avgrensing som gir grunnlag for om arealet er ein del av funksjonell strandsona eller om landskapsrommet vender seg bort frå vasskanten. Som eit grunnlag for å vurdere kriteriet landskap er det gjennomført ein brattleiksanalyse (areal brattare enn 25 graders helling). Denne, saman med eksisterande vegetasjon/bygd situasjon og oppleving ved synfaring gir eit grunnlag for finne store eller små landskapsrom som er tydeleg del av funksjonell strandsona. Brattleiksanalysen er ikkje nytta eksplisitt, men er nytta i samanheng med andre kriterium og forsterkar grunnlaget for vurderinga. Døme på dette er bustadfeltet på Farsundet som ligg på ei høgde og det er svært bratt topografi til Bergavatnet. I tillegg er tydelege landskapselement som urørt landskap og særmerka former vurdert og der desse ligg tydeleg til vassdraget er det naturleg at dei er del av funksjonell strandsona. Døme på dette er elvedelta ved Årdal og Helgheim.

Det er forskjell på oppleving av landskapsrom og skala på areal langs elv og langs større vatn/innsjø. Langs elva er det mindre landskapsrom og avgrensa skala, medan det langs vatn/innsjø er store landskapsrom og større skala. I kartlegging har ein lagt til grunn prinsipp om at funksjonell strandsona er avgrensa til 30 meter frå vasskanten der det er store landskapsrom som strekk seg langt inn på land. Døme på dette er opne jordbruksareal ved Bruland og jordbruksareal på sørsida av Jølstravatnet.

5.4.1.3 Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne er kartlagt og tilgjengeleg i databasen Askeladden (Riksantikvaren). Kulturminne som ligg topografisk tett på vassdraget er naturleg del av den funksjonelle strandsona. Kyrkjer er tydelege symbolbygg og lokaliseringa har i mange tilfelle ei historisk tilknytning til strandsona. Kyrkja på Helgheim er inkludert i funksjonell strandsona då denne ligg tett på og har topografisk samanheng til vassdraget. Andre kyrkjer i kartleggingsområdet ligg topografisk noko frå vassdraget og er difor ikkje inkludert i funksjonell strandsona.

Austre del av kartleggingsområdet er del av Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA); *Nikolai Astrup sitt landskap*. Området omfattar store deler av Jølstravatnet og jordbrukslandskapet som omkransar det. KULA-områda dekkjer store geografiske område, og difor er ikkje avgrensing av KULA-området direkte nytta for å sette grensa for den funksjonelle strandsona.

5.4.1.4 Friluftsliv

Det er kartfesta friluftslivsområde i offentlege databasar i kommunen, og mange av desse er knytt til vassdraget og nærområdet til vassdraget. Det er ingen statleg sikra friluftslivsområde innanfor kartleggingsområdet. I tillegg er det fleire turstiar/vegar som går langs og ned til vassdraget. Informasjon frå kommunen ila. prosessen og observasjonar på synfaringa, samt arealbruk i gjeldande planar (t.d. grønstruktur/leikeplass/friluftsliv etc.) gir også eit godt kunnskapsgrunnlag om bruken ved/i vassdraget.

Kriterium friluftsliv er vurdert i stor grad i samspel med topografi/landskap og kulturmiljø, som saman gir grunnlag for opplevingar og kvalitetar for friluftsliv/rekreasjonsbruk. Forholdet til topografi og brattleik er avgjerande for i kva grad området er tilgjengeleg i friluftssamanheng. Utgangspunktet er at areal brattare enn 25 graders helling er mindre tilgjengeleg for ferdsel og opphald. Der det er registrert ålmenn tilgjengelege turstiar eller gangveggar i friluftslivsområde/bygde område ned til vasskanten, er funksjonell strandsone sett til 30 eller 100 meter frå vasskanten kring turstien/gangvegen. Døme på dette er gangveg frå bustadfelt i Farsundet til Bergavatnet/Movatnet og turveggar ved Mo jordbrukskule.

5.4.1.5 Landbruk

Tilgjengeleg strandsone for ålmenta kan definerast som område med fri ferdsel etter Friluftslivlova, samt tilgjenge i høve til topografi. I følgje Friluftslivlova er det fri ferdsel i utmark, med eit par unntak. Der innmark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) går heilt ned i vassdraget er det ikkje fri ferdsel.

Jordbruksareala medverkar til å definere store landskapsrom som vender mot vassdraget. I mange tilfelle bryt t.d. busetnad eller anna infrastruktur jordbruksareala/-landskapet inn i fleire mindre landskapsrom. I kartlegginga har ein lagt til grunn prinsippet om at funksjonell strandsone er avgrensa til 30 meter frå vasskanten der det er store landskapsrom som strekk seg langt inn på land. Døme på dette er opne jordbruksareal ved Bruland og jordbruksareal på sørsida av Jølstravatnet.

5.4.1.6 Eksisterande infrastruktur og godkjente reguleringsplanar

Område med infrastruktur vert vurdert i høve til landskapsrom og tilknytning til vassdraget. Busetnad som er knytt til vassdraget er ein naturleg del av strandsona, t.d. naust og dam/kraftverk. Konsentrert bustadområde vil kunne vera ei naturleg avgrensing for den funksjonelle strandsona, som t.d. bustadfeltet på Farsundet eller Bruland. Vurdering av om bygg er inkludert eller ikkje i funksjonell strandsone er gjort med bakgrunn i om bygga som ligg tett på vasskanten dannar eller ikkje dannar klare barrierer i landskapet eller tilgjenge til vassdraget si nære kantsone. Dette avheng av terreng- og høgdeplassing av tiltaka. Døme: Det er fleire hytter og bustadar som ligg på nedsida av hovudvegane som går langs Jølstravatnet. Dei fleste av desse er enkeltstående bygg som ikkje dannar ein klar barriere, medan hovudvegen på oppsida gjer det. Slike bygg vert del av den funksjonelle strandsona.

Ein veg kan vera ei naturleg avgrensing mellom urørt areal/kantsone og bygde område, eller mellom landskapselement og -bruk. Det er forskjell på barriereverknad som hovudveg eller privat/skogveg utgjer. Veg som avgrensande kriterium er nytta i område der vegen er ei klar barriere mellom ulike landskapselement og/eller bruksmessige tilhøve. Døme på vegar som dannar klare barrierar er europaveg på nordsida av elva ved Moland og på nordsida av Jølstravatnet, samt fylkesvegen langs sørsida av Jølstravassdraget.

Vurdering av funksjonell strandsone i etablerte nærings- eller sentrumsområde som ligg tett på vassdraget tek utgangspunkt i eksisterande bygd situasjon, og planlagd grønstruktur. Opparbeidde næringsareal har i liten grad strandsoneverdiar, utover eventuelle grønne kantar mot vassdraget. I opparbeidde næringsområde er funksjonell strandsone i stor grad sett i framkant av eksisterande bygningar og grønne kantsoner mot vassdraget ligg i den funksjonelle strandsona. I sentrumsområde er parkområde, kantsone med vegetasjon og gangveggar del av den funksjonelle strandsona.

Der det er eksisterande reguleringsplanar av nyare dato med tydeleg og klar avgrensing av utbyggingsføremål mot vassdraget, vert den funksjonelle strandsona ikkje vurdert på nytt og linja vert sett i samsvar med byggjegrænse eller føremålsgrense i plan. Dette gjeld ikkje for reguleringsplanar som gir grunnlag for utfylling eller som gir grunnlag for større terrengendringar (sprenging) som ikkje er gjennomført. I desse områda er det gjeldande situasjon, topografi/infrastruktur, som er lagt til grunn i fastsetjing av funksjonell strandsone. For reguleringsplanar utan byggjegrænse mot vassdraget, eldre reguleringsplanar eller der det ikkje er eintydig avgrensing mot vassdraget med grøntareal, er funksjonell strandsone vurdert med hovudvekt på landskap og eksisterande infrastruktur.

6 Arealstatuskartlegging

Sunnfjord kommune har gjennomført GIS-analyse for arealbruk og arealstatus innanfor kartleggingsområdet, Jølstravassdraget. 100-metersbeltet i kartleggingsområdet utgjer eit samla areal på om lag 12 230 dekar. I følgje GIS-analysen er:


- Om lag 4 140 dekar er definert som inngrepsfri strandsone (ca. 34 % av total 100-metersbeltet)
- Om lag 2 150 dekar er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone (52% av den inngrepsfrie strandsona). Om lag 55 daa av dette er areal knytt il Golfbane vest for Vassenden (Bjørkelia), som berre delvis er ope tilgjengeleg for ålmenta.
- Om lag 8 100 dekar er definert som inngrepsnær strandsone (ca. 66 % av total 100-metersbeltet)

Areal som er definert som inngrepsnær strandsone er omfatta av fleire type tiltak. Samla utgjer desse om lag 8 100 dekar. Ein del av tiltaka overlappar, særleg tiltaka med buffersone på 6 eller 50 meter. Kvar for seg omfattar tiltaka inngrepsnær strandsone slik:


- Bygningsnært areal: om lag 4 550 dekar
- Dyrka mark: om lag 4 150 dekar
- Vegareal: om lag 2 100 dekar
- Parkeringsareal: om lag 54 dekar
- Demningsanlegg: om lag 18 dekar
- Permanente anleggsområde: 113 dekar

Resultat – skildring

Nedre del av Jølstravassdraget er i stor grad påverka av tiltak. Områda frå utløpet til fjorden og opp langs Angedalvegen og idrettsanlegget ved Hafstad er i stor grad påverka av bygningstiltak og vegar. Areala frå sjukehuset på nordsida av vassdraget og Hafstad i sør, opp til Movatnet er i stor grad er påverka av dyrka mark og delområde med busetnad. Av større tiltak som ligg tett på vassdraget er det på Løland og Sandbrekka store opparbeida areal for masseuttak/-handtering, samt næringsområde og kraft- og demningsanlegg i Sandbrekka. På nordsida av Bergavatnet er det eit større samanhengande skogsområde frå vatnet og langt inn på land. Areala nærmast vatnet har stadvis bratt topografi slik at området i liten grad er tilgjengeleg for ferdsel.




Figur 3 Døme frå temakart inngrepsnær/-fri strandsone ved byen Førde.



Figur 4 Døme frå temakart potensielt tilgjengeleg strandsone vest for Bergavatnet.

Store deler av vestre/nordre del av Movatnet er tiltakspåverka og det er bygg og vegar heilt ned til vasskanten. Mellom Movika og Mo/Huldrefossen er det samanhengande skogsområde med turstiar og jordbruksareal knytt til jordbruksskule. Sør/austsida av vatnet har spreidd utbygging med teigar av dyrka mark ved Flatjord og Mo/Huldrefossen. Det er ei sone ved Liafjellet der det er samanhengande grøntbelte frå vassdraget og langt inn på land. Det er svært bratt i området slik at området i liten grad er tilgjengeleg for ferdsel.

Elva frå Moavatnet opp til Holsavegen er prega av skogsteigar og store jordbruksareal som går ned til vasskanten. På sørsida er det skogsområda større og meir samanhengande enn på nordsida. Det er etablert tiltak i vasskanten ved Reinene i samband med kraftverket som ligg nord for Holsavegen. Areal nærast Holsavegen på begge sider av elva er prega av utbygging til næring og kraftverk. Det er etablert demningsanlegg i Stakaldefossen.




Figur 5 Døme frå temakart inngrepsnær/-fri strandsoner nord for Movatnet – Holsavegen og Stakaldefossen.

På vestsida av elva frå Holsavegen og opp til Jølstravatnet ligg europavegen tett på vassdraget. I delstrek heilt i vasskanten. Det er etablert fleire bruer over elva. Det er noko dyrka mark mellom europavegen og elva i delstrek, som Flatla og Moland. I desse områda er det også spreidd busetnad nærmare elva enn europavegen. Ved Bjørkelia er det etablert eit større utbyggingsområde heilt i vasskanten (bustad/camping). Det er spreidde teigar med skogsområde mot elva, men ingen større samanhengande område.

På austsida av elva frå Holsavegen og opp til Jølstravatnet er det større naturprega område med innslag av spreidd busetnad og dyrka mark. Vegane i området er smale, men går i stor grad tett på elva. Større skogsområde er t.d. mellom Flatla og Slåttene, Flatla og Kvammen, samt mellom Kvammen og Bjørkelia golfbane. Områda frå Bjørkelia til Jølstravatnet er prega av dyrka mark som går ned til vasskanten, samt campingplass ved utløpet til Jølstravatnet.


Nordsida av Jølstravatnet er dominert av at europavegen ligg tett på vatnet. Det er lite tilgjengelege areal for ålmenn bruk og ferdsel mellom vatnet og europavegen. Busetnad er i stor grad etablert på oppsida av europavegen. I område med større vassdrag med utløp i Jølstravatnet og europavegen går lengre inn på land er det etablert busetnad på vass-sida av europavegen. Døme på dette er Helgheim, Årdal, Ålhus og Svindal. I desse områda er det tilgjenge til vatnet for innbyggjarar og delvis ålmenta (områda er i stor grad privatiserte). Det er tilrettelagd for nokre få rasteplassar langs vatnet, t.d. Svindal med stor rasteplass. Europavegen går i vasskanten ved tettstaden Skei lengst nord i Jølstravatnet. Det er tilrettelagt med park/promenade langs vatnet i søraust. Dette knyt saman sentrum med bustadfeltet Vikagarden og Kjøsnes.

Sørsida av Jølstravassdraget er også i stor grad påverka av at fylkesvegen ligg tett på vatnet. Det er spreidd utbygging i området og større samanhengande område med dyrka mark på oppsida av fylkesvegen. Det er lite tilgjengelege areal for ålmenn bruk og ferdsel mellom vatnet og fylkesvegen. I stor grad er det bygd naust/hytter el.l. i område der fylkesvegen er trekt noko frå vatnet. Desse områda er i stor grad privatiserte.



Figur 6 Døme frå same kartutsnitt med inngrepsnær/-fri strandsone og potensielt tilgjengeleg strandsone.


I Kjøsnestfjorden er store deler av nord/austsida av fjorden naturområde med bratt topografi. Tidlegare europaveg, no lagt i tunell, går langs og relativt tett på vatnet. Vegen vert ikkje vedlikehalde og er stengt for køyretøy med bom. Området er i stor grad naturprega om ein ser vekk frå vegen med kortare skredtunnellar. Inst i fjorden (Lunde) og ved Søgnesand på søraustssida er det etablert gardsbruk og dyrka mark. Elles er områda naturprega. Sør/vestsida av fjorden er i stor grad naturprega område med bratt topografi og traktorveg/sti langs vasskanten og høgspenlinje i luftlinje eit stykke frå vatnet. Frå Sægrov til Vollen er det spreidd utbygging og dyrka mark som pregar området.



Figur 7 Døme frå same kartutsnitt med inngrepsnær-/fri strandsone og potensielt tilgjengelig strandsone.

7 Verdifull natur og kantvegetasjon

Kartlegging av kantvegetasjon er gjennomført langs heile kartleggingsområdet, med ei inndeling skildra i kap. 5.3. Vedlagt er temakart der kantsona er inndelt ihht. skildring i kap. 5.3.1.



Figur 8 Døme på temakart kartlegging av verdifull natur og kantvegetasjon.

Hovudintrykket er at det i stor grad er ei grøn sone mellom tiltak og vassdraget, men at breidda varierer stort. Samstundes er tilgjenge for ålmenta til vassdraget noko avgrensa, særleg langs Jølstravassdraget. Det er utarbeida temakart som viser kartlegginga, og i korte tekk kan ein summere kartlegginga slik:

- Det er enkelte delstrek med større samanhengande kantvegetasjon og skogsområde, t.d. sørsida av Kjøsnesfjorden og sørsida av Movatnet. På nordsida av Kjøsnesfjorden er vegetasjonen i attgroingsfase (på nedsida av tidlegare hovudveg), og kantsona vert klassifisert som skog/spreidd vegetasjon.



- I område med jordbruksareal til vassdraget er det i stor grad er ei vegetasjonssone med varierende breidde mot vassdraget, t.d. Bruland og Moland.



- Område med spreidd eller manglande vegetasjon er i stor grad knytt til områda med kraftverk, samt langs Jølstravassdraget.



- I Førde sentrum, Skei og Vassenden er det manglande, noko spreidd vegetasjon og parkområde med kantvegetasjon.




8 Funksjonell strandsone

Kartlegging av funksjonell strandsone er gjennomført langs heile kartleggingsområdet basert på metode skildra i kapitel 5.4. Vedlagt er temakart det kartleggingsområdet er synt i fordelt på 22 kartblad (A3 målestokk 1:8000).

8.1 Delområde Førde sentrum tom. Bruland

Kartleggingsområdet omfattar Førde sentrum (kartblad 1) og områda opp til Bruland (kartblad 2). Førde sentrum ligg ved utløpet av Jølstravassdraget, inst i Førdefjorden. Dette området er prega av eit tett utbygd område, med bustader og næringsbygg (industri, varehandel og tenesteyting). Bygg og vegar ligg tett på vassdraget i dei nedre delane av kartleggingsområdet, og det er i stor grad berre den næraste strandsona som er i direkte samspel med vassdraget økologisk, topografisk og/ eller bruksmessig. Kartleggingsområdet utanfor Førde sentrum består i større grad av ubygde område, og her er areala i stor grad prega av dyrka mark. Det er nokre grønne lungjer i kartleggingsområdet, både av parkpreg og med naturskog.



Figur 9. Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.


Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS)

Biologisk mangfald

Dei nedre delane av vassdraget er registrert med den marine naturtypen «bløtbunnsområder i strandsonen». På Øyrane er og naturtypen «strandeng og strandsump» registrert. Rundt Prestholmen og utløpet av Anga er naturtypen «flommarksskog» registrert. På Brulandsvellingene, rett nord for brua, er naturtypen «gråor-heggeskog» registrert. Rundt Øyane ved Bruland er naturtypen «Flommarksskog» registrert.

Jølstravassdraget er lakseførande opp til Sandbrekka, som utgjer eit strekke på 9,6 km. Bestandtilstanden for laks i vassdraget er registrert som «svært dårleg», medan bestandtilstanden for sjøauere er registrert som «dårleg».


Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.

| | |
|-------------------------------------|--|
| | Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone. |
| Landskap | Delområdet ligg inst i Førdefjorden, og strekk seg oppover dalen mot Bruland. Jølstravassdraget er eit markant landskapselement i delområdet der ho renn i botnen av dalen. Området er i stor grad påverka av relativt konsentrert utbygging tett på vassdraget, spesielt i dei nedste delane av delområdet. Frå Prestholmen er landskapet i større grad prega av dyrka mark og skogsareal, men masseuttaket ved Vie ligg tett på vassdraget og er eit tydeleg inngrep i landskapet på denne strekka. Opp mot Bruland vert landskapsrommet noko mindre da dalen snevrar seg inn. Førdsnipa (853 moh), Hafstadjellet (706 moh) og Viafjellet (709 moh) er tydelege landskapselement i delområdet, men delområdet er i det heile prega av skrånande og bratt terreng opp frå dalbotnen. Det er berre industriområdet ytst på Øyrane, samt bustadområdet på andre sida av vassdraget, som er knytt til sjøen. |
| Kulturminne/ kulturmiljø | I bustadområda i dei nedste delane av Jølstra ligg det fleire SEFRAK-registrerte bygningar, som naust, anneks og einebustader. I elva sør for Honneset ligg ein gammalt hamneområde (under vatn), og på andre sida av elva er det registrert ei gamal førebygging i elva. |
| Friluftsliv | Det er kartlagd fleire friluftsområde i delområdet, m.a. turområde (fottur og padling) ved Øyrane/ Førde sentrum, turveg/ leikeområde langs Jølstra i Førde sentrum (rosa farge i figur), samt strandsona langs Jølstra opp til Bruland med tilhøyrande vassdrag (laks- og aurefiske). <div data-bbox="395 922 1077 1536" data-label="Image">  </div> |
| Landbruk | Utanfor Førde sentrum er delområdet prega av landbruk, med større samanhengande dyrka mark stadvis tett på vassdraget. Stort sett er det ei sone med kantvegetasjon som skilje vassdraget og den dyrka marka, men i delar av området strekk den dyrka marka seg heilt ned til vassdraget. |
| Infrastruktur og plan | Området er konsentrert utbygd med bygg, tiltak og vegar, spesielt rundt Førde sentrum og opp til Honneset på sørsida av elva og til elvemøtet med Agna på nordsida. Vidare oppover mot Bruland er områda langs Jølstra i stor grad prega av landbruk. Mindre vegar samt traktorvegar går stadvis tett på vassdraget. Ved Brulandsvellen kryssar Vievegen elva med bru. Det er fleire godkjente reguleringsplanar i kartleggingsområdet. I hovudsak er desse bygd ut, med unntak av: Detaljregulering Førde brannstasjon frå 2025. Det er regulert grøntføremål/ friområde mot vassdraget. Deler av området er allereie utbygd og resterande er i dag dyrka mark. |


| | |
|----------------------------|---|
| | <p>Reguleringsplan Førde Sentralsjukehus frå 2019. Det er regulert grøntfremål/ friområde mot vassdraget og i sona mot parkeringsplass. Deler av området er allereie utbygd, resterande er i dag dyrka mark.</p> <p>Reguleringsplan E39 Storehaugen – Førde frå 2023. Denne regulerer køyreveg med tilhøyrande infrastruktur. E39 går gjennom området også i dag, men størsteparten av arealet er i bruk som LNFR-område med aktivt landbruk (dyrka mark).</p> <p>Reguleringsplan Sandtak Vie (Hallgeir Vie) frå 1993, som regulerer steinbrot og masseuttak. Deler av området er framleis urørt (skog), medan resterande delar allereie er teke i bruk. Det er regulert grøntfremål/ friområde mot vassdraget.</p> |
| <p>Oppsummering</p> | <p>Funksjonell strandsone er stort sett avgrensa opp mot bygg, anlegg og infrastruktur då desse skapar tydeleg barriere og skilje til vassdraget. Samstundes er nokre bygg og tiltak som landskapsmessig eller bruksmessig er knytt til vassdraget er inkludert i funksjonell strandsone. Naturtypar som har direkte tilknytning til vassdraget er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |

8.2 Delområde Bruland tom. Revsneset/ Korsnesodden

Frå Bruland til Movatnet (kartblad 3) er det fortsett ein del dyrka mark tett på vassdraget og noko spreidd busetnad. På nordsida av vassdraget er det i større grad urørt natur og mindre inngrep enn på sørsida. Hovudvegen, som går på sørsida av vassdraget, ligg ikkje like tett på vassdraget som i delområde 1, men småvegar og utbygde område utgjør og her ei barriere mot strandsona langs vassdraget. Nærare Revsneset ligg hovudvegen igjen tettare på vassdraget, i tillegg til noko tettare utbygde område.




Figur 10. Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.

| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|---|---|
| Biologisk mangfold | <p>Jølstravassdraget er lakseførende opp til Sandbrekka, som utgjør eit strekke på 9,6 km. Bestandtilstanden for laks i vassdraget er registrert som «svært dårleg», medan bestandtilstanden for sjøaure er registrert som «dårleg».</p> <p>Ved Sunde bru er naturtypen «mudderbank» registrert.</p> <p>Sidevassdrag er inkludert opp til 30 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.</p> <p>Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| Landskap | <p>Dalen er smalare og trongare enn i Delområde 1, busetnaden er meir spreidd og landskapet er i større grad prega av skog og natur. Ved Sandbrekka ligg eit grustak tett på både E39 og vassdraget. Sandtaket er skjerma frå vassdraget med ein god vegetasjonsskjerm. Ved Sandbrekka ligg og eit vasskraftverk, som skapar eit tydeleg inngrepsselement i vassdraget med ei demning og låg vassføring i Brulandsfossen.</p> <p>Frå Bergavatnet og mot Movatnet opnar dalen seg.</p> |
| Kulturminne/ kulturmiljø | <p>Det er ikkje registrert kulturminne knytt til vassdraget og tilgrensande areal i delområdet.</p> |
| Friluftsliv | <p>Området nedstrøms Sandbrekka er del av kartlagt friluftsområde for laks- og sjøaurefiske. Området nord for Sandbrekka er kartlagt som eit svært viktig friluftsområde («Kletten på Vie»). Områdeskildring: Turstiar, leikeområde, sopp- og bærplukking, orienteringsløp, motbakkeløp. Nord for Bergavatnet ligg eit stort friluftsområde, «Viafjellet/ Eikåsniipa, registrert som «svært viktig». Områdeskildring: Fottur, ski, stølsturar.</p>  |
| Landbruk | <p>Det er spreidd areal med dyrka mark oppover dalen langs vassdraget. Rundt Sandbrekka og eit stykke nedstrøms er nordsida av vassdraget prega av nyleg hogst.</p> |
| Infrastruktur og plan | <p>Sørsida av vassdraget er i større grad prega av utbygging og tiltak enn kva nordsida er. Frå Brulandsfossen og nedstrøms mot Neset, på sørsida av vassdraget, er områda tett på vassdraget prega av ulike tiltak (kraftverk og tilhøyrande installasjonar, sandtak, industri og veg). Det er konsentrert busetnad i områda rundt Bruland, sør for Sandbrekka, på Sunde og Farsundet. På nordsida av vassdraget er det noko spreidd busetnad og nokre mindre vegar. E39 går stadvis tett på vassdraget langs sørsida av Bergavatnet og sør for Farsundet. Mellom Sunde og Farsundet kryssar vegen vassdraget med bru.</p> <p>Det er fleire godkjente reguleringsplanar i området. I hovudsak er desse bygd ut, med unntak av:</p> |

| | |
|---------------------|--|
| | Reguleringsplan Bruland sandtak frå 2004. Store deler av arealet er allereie utnytta, men det står att noko urørt, tresett areal. Det er regulert grøntføremål mot vassdraget. |
| Oppsummering | Funksjonell strandsone er stort sett avgrensa opp mot bygg, anlegg og infrastruktur då desse skapar tydeleg barriere og skilje til vassdraget. Samstundes er nokre bygg og tiltak som landskapsmessig eller bruksmessig er knytt til vassdraget er inkludert i funksjonell strandsone. Der det ikkje er inngrep som avgrensar funksjonell strandsone er grensa satt enten på 30 meter, typisk der natur-/skogsområde knytt til vassdraget er ein del av eit større uavgrensa naturområde, eller meir der eit avgrensa skogsfelt/ naturområde som heilheit er ein naturleg del av vassdraget. Naturtype som har direkte tilknytning til vassdraget er inkludert i funksjonell strandsone. |


8.3 Delområde Revsneset/ Korsnesodden tom. Mo/ Stevollen

I kartleggingsområdet frå Revsneset/ Korsnesodden til Mo (kartblad 4) ligg Movatnet. E39 går på nordsida av vatnet, stadvis heilt tett på vassdraget. Nordsida er elles prega av dyrka mark og spreidd busetnad. Ved Bruhaugen ligg Mo jordbruksskule. På sørsida av Movatnet er store deler av strandsona naturprega og utan inngrep, forutan nokre korte vegstrekker og gardsbruk. Ved Mo jordbruksskule går det bru over Jølstra til nokre klynger med busetnad på sørsida av vatnet. Her er det og noko dyrka mark.



Figur 11 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.


| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|--|---|
| Biologisk mangfald | Rett nord for brua over Jølstra ved Mo jordbruksskule er naturtypen «fossesprøytzone» registrert i Huldefossen. Rett nedstrøms Stevollen er |


| | |
|--|---|
| | <p>naturtypen «flaumskogsmark» registrert. Vassdraget ved Mo jordbruksskule er elles prega av gamle kroksjøar og spor etter gamle elveleie, og kan ha potensiale for fleire spesielle naturverdiar.</p> <p>Sidevassdrag er inkludert opp til 30 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.</p> <p>Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| <p>Landskap</p> | <p>Moavatnet er dominerande i landskapet i delområde 3. På sørsida av vatnet er området er prega av knausar med skog og stort sett «urørt» natur, med nokre busetnader/ gardsbruk. Sørsida av vatnet prega av bratte skrentar, stadvis tett på vatnet. E39 går stadvis tett på vassdraget på nordsida av vatnet og dannar ei barriere mot vassdraget. På denne sida er det og meir spreidd busetnad. Ved Storehaugen, Kusslidneset og Movika ligg bygningane tett på vassdraget og dannar ei tydeleg landskapsbarriere. Nokre naust eller liknande er her del av funksjonell strandsone. I Movika ligg Sunnfjord museum, som er eit friluftsmuseum med ei samling av kulturhistoriske bygg frå regionen. Deler av museet er og inkludert i den funksjonelle strandsona. Landskapsrommet snevrar seg inn mot utløpet av Jølstra lengst aust i Movatnet. Her dannar bygningar og tiltak knytt til Mo jordbruksskule barrierar mot vassdraget.</p> |
| <p>Kulturminne/ kulturmiljø</p> | <p>Det er registrert kulturminne i tilknytning til Sunnfjord museum i Movika, der eit av minna ligg tett på vatnet. Ved Kinnaneset er det registrert eit SEFRAK-bygg (naust/ utmarksløe e.l.). På Mo jordbruksskule er det påvist eit kulturminne (kokegrop, automatisk freda), med eit funn tett på vatnet i vika heilt vest for bygningane på skuleområdet.</p> |
| <p>Friluftsliv</p> | <p>Området frå Movika til Huldefossen er registrert som eit svært viktig friluftsområde med «ganske stor» brukarfrekvens. Områdeskildring: Sunnfjord museum, natur- og kultursti, bading og padling, lett tilgjengeleg, Huldefossen.</p>  |
| <p>Landbruk</p> | <p>Delområdet er delvis prega av landbruk. Spesielt områda rundt Revsneset, Storehaugen, Kusslidneset, Mo og utover mot Møøyra og Kinnaneset er prega av dyrka mark tett på vassdraget. Det er og registrert areal med innmarksbeite i området. Under Huldefossen samt rett sør-vest for Stevollen er det registrert areal med innmarksbeite heilt tett på vassdraget. Dei andre registrerte innmarksbeita i området ligg lengre opp i sida og utan tilknytning til vassdraget.</p> |
| <p>Infrastruktur og plan</p> | <p>Nordsida av vassdraget er i større grad prega av busetnad og tiltak enn sørsida. Her ligg E39 og busetnad stadvis tett på vassdraget. Mo jordbruksskule med tilhøyrande bygg og tiltak ligg noko høgare enn vassdraget på ei lita høgde, og er slik noko skjerma frå vassdraget.</p> <p>Det er ingen ubygde reguleringsplanar i delområdet.</p> |

| | |
|----------------------------|---|
| <p>Oppsummering</p> | <p>Frå E39 og fram til Revsneset på nordsida av vatnet er funksjonell strandsone avgrensa av veg som dannar ei barriere mot vassdraget. Mellon Revsneset og mot Huldefossen er grensa satt på 30 meter. Her er terrenget bratt og avgrensar slik funksjonell strandsone til 30 meter. På nordsida av vatnet dannar busetnad og E39 barriere og funksjonell strandsone er i stor grad sett i framkant av bygg eller E39. Turstiar som ligg tettast på vassdraget nordaust langs Movatnet er inkludert i funksjonell strandsone. På grunn turstiar og slakare terreng er grensa utvida til 100 meter nokre stader i friluftsområdet mellom Movika og Mo jordbruksskule.</p> |
|----------------------------|---|

8.4 Delområde Mo/ Stevollen – Støvring


Kartleggingsområdet omfattar kartblad 5 og 6. Kartleggingsområdet er prega av dyrka mark og noko spreidd busetnad. I kartleggingsområdet ligg Sunnfjord Næringspark, Stakaldefossen kraftverk og Moskog trafostasjon. E39 ligg på vest/nordsida av vassdraget, stadvis heilt tett på vassdraget.






Figur 12 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.

| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|--|--|
| Biologisk mangfald | <p>Det er ikkje registrert naturtypar i delområdet.</p> <p>Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.</p> <p>Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| Landskap | <p>Frå Stevollen til Møøyane er landskapet prega av elva som svingar seg gjennom den smale dalen. Naturen ligg tett på vassdraget, med bratte, skogkledde sider, forutan dyrka marka som skapar eit større landskapsrom rundt Moneset.</p> <p>Frå Møøyane og oppover vassdraget til Stakaldefossen er området i tilknytning til vassdraget i større grad prega av tyngre inngrep, med industriområde på Møøyane og Stakaldefossen kraftverk. Stakaldefossen er eit tydeleg landskapselement i området, men vassdraget er her prega av låg vassføring, samt inngrep i samband med kraftverket (røyrgate, bygg, veg etc.)</p> <p>Mellom Stakaldefossen til Støvring går E39 periodevis heilt tett på vassdraget, og området er elles prega av spreidd busetnad og noko landbruk (dyrka mark). Austsida av vassdraget er meir urørt enn vestsida der E39 går.</p> |
| Kulturminne/kulturmiljø | <p>Det er registrert eit kulturminne (kokegrop) på Møøyane, samt SEFRAK-bygg ved Stakaldefossen.</p> |
| Friluftsliv | <p>Det er registrert fleire friluftsområde i delområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ved Stakaldefossen og Moskog trafostasjon, områdeskildring: Fottur, sykkel, riding. - Jølstra. Områdeskildring: Fiske, elvesport, fottur. Tilrettelegging: fiskerampe for funksjonshemma, sti langs Jølstra, gapahukar/fiskehytter Parkering ved Jølstraholmen. Delar av område vert beita av storfe og sau. Attraksjonar: Bakkehølen, Flugelona, Nygjerdshølen, Gravøyna, Tjørna, Tangehølen, Kvamshølen, Lærarhølen, Kvamsfossen, Stakaldefossen, Perneset, Kvernhusøyna. - Område med Eikåsnipa, som strekkjer seg heilt ned til E39 og vassdraget rundt Bosmyra. Områdeskildring: Fottur, trening, bærplukking, jakt. Tilrettelegging: Skogsveggar frå Flata, Insteinstad og Eikås. Stemneplass for jaktfelt. |

| | |
|-------------------------------------|--|
| |  |
| <p>Landbruk</p> | <p>Delområdet er sporadisk prega av landbruksareal, i hovudsak dyrka mark, men og noko areal med innmarksbeite. Jordbruksareala ligg i noko større avstand frå vassdraget enn delområda nedstrøms, og er i mindre kontakt med vassdraget. Areal med dyrka mark ligg likevel stadvis heilt ned til vassdraget. Sør for Bosmyra, på vestsida av elva for Åna, ligg eit større hogstfelt.</p> |
| <p>Infrastruktur og plan</p> | <p>Området rundt Møyane og Stakaldefossen er prega av større inngrep med næringspark, kraftanlegg og trafostasjon med tilhøyrande installasjonar (m.a. røygater og høgspenteleidningar). Ved Bosmyra ligg eit sandtak. Frå Bosmyra til Støvring går E39 stadvis heilt tett på vassdraget.</p> |
| <p>Oppsummering</p> | <p>Funksjonell strandsone er i hovudsak avgrensa av veg, bygg/ busetnad og bratt terreng. Elles er grensa satt på 30 meter, med unntak av området på vestsida av elva for Åna der grensa er trekt langs hogstfeltet og opp til E39. Ved Eikås er grensa satt for å inkludere eit mindre sideløp til elva.</p> |


8.5 Delområde Støvring tom. Vassenden

Kartleggingsområdet omfattar kartblad 7 og 8. Kartleggingsområdet består av dyrka mark og noko meir tettbygde områder. Den meir konsentrerte busetnaden ligg på nordsida av vassdraget, medan sørsida har eit fåtal spreidde bustader. På sørsida av elva frå Fluge ligg ei golfbane (Sunnfjord golfklubb) heilt tett på vassdraget. Jølstrholmen Camping og Hytter og SPAR Jølstrholmen ligg og ved Fluge, mellom E39 og vassdraget. Ved Vassenden ligg det ein dagligvarehandel tett på utløpet frå Jølstravatnet.






Figur 13 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.


| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|--|--|
| Biologisk mangfald | Flugelona er registrert som naturtypen «Evjer, bukter og viker» med verdi «viktig». Dei raudlista artane fiskemåke og storspove er registrert i området (enkeltobservasjonar). Naturtypen er inkludert i funksjonell strandsone. Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone. Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone. |
| Landskap | Frå Støvring utvidar dalen seg og landskapet blir noko meir ope. Området består for det meste av spreidd busetnad og dyrka mark, samt E39 som stadvis går tett på vassdraget. Rundt Langhaugane, Fluge og Vassenden er det noko meir konsentrert busetnad. Mellom Jølstra og E39 ved Fluge ligg og SPAR og Jølstrholmen Camping og Hytter. Heilt tett på vassdraget. På andre sida av Jølstra ligg her ei golfbane. |
| Kulturminne/ kulturmiljø | Det er registrert nokre SEFRAK-bygg ved vassdraget som delvis ligg innanfor/ tett på funksjonell strandsone. Elles er det ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø relevant for delområdet. |
| Friluftsliv | Det er registrert to friluftsområde i dette delområdet, der deler av desse friluftsområda ligg tett på vassdraget: |

| | |
|------------------------------|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Jølstra. Områdeskildring: Fiske, elvesport, fottur. Tilrettelegging: fiskerampe for funksjonshemma, sti langs Jølstra, gapahukar/fiskehytter Parkering ved Jølstraholmen. Delar av område vert beita av storfe og sau. Attraksjonar: Bakkehølen, Flugelona, Nygjerdshølen, Gravøyna, Tjørna, Tangehølen, Kvamshølen, Lærarhølen, Kvamsfossen, Stakaldefossen, Perneset, Kvernhusøyna. - Kvammen – Øygarden. Områdeskildring: Alpint, ski, golf, fottur, bærplukking, sykling, trening. Tilrettelegging: Skitrekk, golfbane, bomveg til Holtane (startpunkt for skiløype i Gjesdalsdalen), Gapahuk i Holtane, traktorveg frå Kvammen til Kvamstøylen/Bjærkelia hyttefelt, anleggsveg og sti langs Jølstra, varmebu, grill-/bålhytte, gapahuk, bord, benk, turveg rundt golfbana, parkeringsplass ved skisenter og golfbane.  |
| Landbruk | På nordsida av vassdraget er områda tett på vassdraget og E39 i stor grad prega av dyrka mark. På sørsida av vassdraget er området prega av skog, med noko areal med dyrka mark frå Bakkeslåtten og til Vassenden. |
| Infrastruktur og plan | Frå Støvring til Vassenden går E39 stadvis heilt tett på vassdraget. Ved Fluge og Vassenden ligg fleire servicefunksjonar (butikk, bensinstasjon, barnehage, turismebedrifter etc.). |
| Oppsummering | På nordsida av vassdraget er funksjonell strandsone avgrensa av E39 der denne går tett på vassdraget, med unntak av der bygg/ andre tiltak dannar ei barriere mot vassdraget. På sørsida av vassdraget er grensa stort sett satt på 30 meter. Der tiltak som vegar eller bygg, som ikkje er knytt til vassdraget og ligg nærare enn 30 meter, er det desse tiltaka som definerer avgrensinga. Ved Flugelona er grensa trekt heilt opp til E39 på nordsida av vassdraget og golfbana på sørsida for å inkludere naturtypen og ålmenn tursti her. Sidevassdraga er inkludert i funksjonell strandsone. |

8.6 Delområde nordsida av Jølstravatnet (Vassenden – Skei – Kjøsnes)

Kartleggingsområdet omfattar kartblad 9-18. Langs Jølstravatnet ligg E39 tett på vasskanten langs heile nordsida av vatnet. Det er nesten ikkje noko vegetasjon eller strandsone å snakke om mellom vatnet og vegen, forutan nokre nes og oddar. Det er og enkelte hytter/ fritidsbustader og naust mellom vatnet og vegen. På oppsida av vegen er det spreidd busetnad. Ved Ålhus, Årdal, Helgheim og Skei er busetnaden noko tettare.





Figur 14 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.


Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS)


Biologisk mangfold

Det er registrert fleire enkeltregistreringar (blant anna storspove (EN), ål (EN), vipe (CR)) i delområdet.

Ved Ålhus er det registrert tre naturtypar ved utløpet av Ålhuselva i Jølstravatnet. «Semi-naturleg våteng» (middels verdi) og «flomskogmark» (stor verdi) er registrert på vestsida av Ålhuselva. Naturtypen «open flomfastmark» (middels verdi) er registrert på austsida av elva. Ved Jølster, mellom E39 og Jølstravatnet, er naturtypen «Eng-aktig sterkt endret fastmark» registrert (stor verdi). Desse fire registreringane ligg alle innanfor funksjonell strandsone i delområdet.



Det er fleire naturtypar registrert i delområdet, men som ikkje ligg innanfor funksjonell strandsone; naturtypen «hagemark» (stor verdi) er registrert litt aust for Ålhus, og


| | |
|--|---|
| | <p>naturtypen «naturbeitemark» (stor verdi) er registrert ved Jølster. Begge naturtypene grensar til E39, men ikkje i direkte kontakt med vassdraget.</p> <p>Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.</p> <p>Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| <p>Landskap</p> | <p>Ved Vassenden endrar landskapet seg frå ein smal dal med elva i dalbotnen til eit større, opent landskapsrom langs Jølstravatnet. Langs nordsida av vatnet går E39 heilt tett på vatnet, og nord-vest for E39 er landskapet relativt bratt. Det er fleire sidevassdrag som renn ut i Jølstravatnet i delområdet, og ved utløpa er landskapet ikkje så bratt. Spesielt ved Årdal og Ålhus vidar landskapet seg noko ut med korte dalar som strekkjer seg nordover. Ved desse utløpa er det og større konsentrasjon i busetjing og meir areal med dyrka mark. Mellom E39 og vatnet er det fleire nes. Desse nesa fell stort sett saman med utløp av sidevassdrag i Jølstravatnet, som Svindalsneset, neset ved Årdal og ved Helgheim som dei mest markante.</p> <p>I Skeisbukta vert landskapet igjen trongare. Skei er den største tettstaden langs Jølstravatnet, og eit knutepunkt da E39 går vidare oppover dalen frå Skei, og riksveg 5 fortset langs Jølstravassdraget mot Kjøsnesfjorden.</p> |
| <p>Kulturminne/ kulturmiljø</p> | <p>Frå Sårheim og vidare austover er delområdet, saman med Kjøsnesfjorden, registrert som «kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse». Landskapet her er prega av Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden, som begge er omkransa av høge og bratte fjell.</p> <p>Landskapet rundt Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden er sentrale i kunsten til Nikolai Astrup. Mange av særtrekka som prega desse områda, som slåttemarkar, styvingstre, steingarder, stølsgreender, klyngetun/ rekkjetun og ikkje minst vatna og dei bratte fjella rundt, går att i bileta hans.</p>  <p>Det er elles registrert fleire kulturminne og SEFRAK-bygg innanfor/tett på funksjonell strandsone i delområdet.</p> |
| <p>Friluftsliv</p> | <p>Det er registrert fleire friluftsområde i delområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassenden strandsone. Verdi: Svært viktig friluftslivsområde. Områdeskildring: Fiske, bading, fotografering. Tilrettelegging: Parkering/rasteplass, bryggje, fotoramme, bord og benkar. - Svindalsneset: Verdi: Svært viktig friluftslivsområde. Områdeskildring: Bading, padling, leik, ballspel, fisking, sykling, rulleskøyter, jonsokfeiring. Tilrettelegging: parkeringsplass, toalett, bord, benkar, gapahuk, leikeapparat mm.. Attraksjon: sandstrand, gamle bruer. - Jølstravatnet. Verdi: Svært viktig friluftslivsområde. Områdeskildring: Fiske, padling, bading, skeise-is. |

| | |
|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Husnova. Område som strekkjer seg ned til Jølstravatnet mellom Helgheim og Haugen. Verdi: Viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fottur. Sti (Emilstien) til Husnova. - Marka. Grensar til E39 ved Haugen, mellom Helgheim og Skei. Verdi: Viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fottur. Tilrettelegging: Stiar til Fygladalen/Fyglastøylen frå Haugen Camping, Fygla (2 stiar) og Skei skule. Benkar ved sti frå Fygla. Sti vidare til Skrestøylen. Dagsturhytte på Hjellasva. Attraksjonar: Fyglastøylen, Skrestøylen, Håheimsfjellet.  |
| <p style="text-align: center;">Landbruk</p> | <p>Delar av nordsida av Jølstravatnet er prega av landbruk. Ned mot vatnet og E39 ligg areal med både dyrka mark og innmarksbeite. Spesielt i området ved Svindalsneset, Sårheim, Ålhus, Årdal, Helgheim, Skei og Kjøsnes, der landskapet opnar seg noko og gjev større areal til landbruket. I tillegg til noko areal med innmarksbeite innimellom dyrka mark ned mot vatnet, ligg også areal med innmarksbeite som eit belte mellom dyrka mark og skogen i dalsida.</p> |
| <p style="text-align: center;">Infrastruktur og plan</p> | <p>E39 går heilt tett på Jølstravatnet frå Vassenden til Skei, der E39 går vidare nordover og riksveg 5 fortset langs Jølstravatnet mot Kjøsnesfjorden. Skei er eit knutepunkt og relativt tett utbygd, med servicefunksjonar som butikk, legekontor og skule. Ved Kjøsnes er riksveg 5 lagt i tunell, og området er prega av infrastrukturtiltak og ein større rasteplass.</p> |
| <p style="text-align: center;">Oppsummering</p> | <p>E39 går tett på Jølstravatnet frå Vassenden til Skei. Ved Svindalsneset, Ålhus, Årdal, Helgheim og Haugen går E39 lengre frå vasskanten og gjev noko areal mellom vegen og vatnet. Her er grensa for funksjonell strandsone trekt slik at desse nesa er inkludert. Dette gjeld og andre mindre nes langs vatnet. Ved Ålhus er funksjonell strandsone avgrensa i samsvar med naturtypane som er registrert her.</p> <p>Frå Skei og til Vika vert funksjonell strandsone avgrensa av riksveg 5. Bygga og tiltaka langs vasskanten er direkte knytt til vatnet/ein naturleg del av strandsona og er derfor inkludert i funksjonell strandsone. Frå Vika, sør for Skei, og til Kjøsnes er grensa for funksjonell strandsone i hovudsak satt ved 30 meter.</p> |

8.7 Delområde sørsida av Jølstravatnet (Vassenden – Sandvika)



Kartleggingsområdet omfattar kartblad 8-17. Sørsida av Jølstravatnet er prega av spreidd busetnad og dyrka mark. Som på nordsida av vatnet går hovudvegen (fylkesveg) tett på vasskanten i store deler av delområdet. Det er og noko fritidsbustader i området. Tilgjengeleg strandsone er i stor grad privatisert med naust, uteområde og båt plassar. Vassenden skule, Solrenning Camping og Astruptunet ligg langs sørsida av Jølstravatnet.





Figur 15 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.


| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|--|--|
| Biologisk mangfold | <p>Det er registrert to naturtypar i delområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Frå Uraneset til Nyesvorodden er naturtypen "gråor-heggeskog" registrert med "noko verdi". - Mellom Astruptunet og bilvegen er det registrert to lokalitetar med naturtypen "slåttemark", med "svært stor verdi" og "stor verdi". <p>Naturtypane ligg på oppsida av fylkesvegen og har ikkje direkte kontakt med vassdraget og er difor ikkje del av funksjonell strandsone. Det er elles registrert fleire enkelt registreringar (mellom anna storspove (EN), ål (EN) og fiskemåke (VU)) i delområdet. Jølstravatnet har ein bestand av storaure. Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone. Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| Landskap | <p>Jølstravatnet skapar eit stort, ope landskapsrom rundt heile vatnet, prega av bratte fjell på begge sider. Dalsidene ned mot vatnet er relativt bratte, prega av spreidd busetnad og landbruksareal.</p> <p>Frå Sandvika/ Hamnaodden går vegen litt oppe i dalsida, gjennom fleire gardstun til forbi Dvergdalselva. Frå Dvergdalselva/ Buhammaren går vegen i hovudsak heilt i vasskanten heilt fram til Vassenden i vest. Langs vatnet har sidevassdraga danna elvevifter i vatnet, som i dag synes som nes (ved Myklebust, Bjørndalsneset). Steingardar, saman med dyrka mark, innmarksbeite og gardstun, er tydelege landskapselement i delområdet.</p> |
| Kulturminne/ kulturmiljø | <p>Delområdet med Jølstravatnet er del av eit større område, som saman med Kjøsnesfjorden, er registrert som «kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse». Landskapet her er prega av Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden, som begge er omkransa av høge og bratte fjell.</p> <p>Landskapet rundt Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden er sentrale i kunsten til Nikolai Astrup. Mange av særtrekka som prega desse områda, som slåttemarker, styvingstre, steingardar, stølsgrender, klyngetun/ rekkjetun og ikkje minst vatna og dei bratte fjella rundt, går att i bileta hans.</p> |


| | |
|-------------------------------------|---|
| |  |
| <p>Friluftsliv</p> | <p>Det er registrert fleire friluftsområde i delområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vassenden strandsone. Verdi: Svært viktig friluftslivsområde. Områdeskildring: Fiske, bading, fotografering. Tilrettelegging: Parkering/rasteplass, bryggje, fotoramme, bord og benkar. - Jølstravatnet. Verdi: Svært viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fiske, padling, bading, skeise-is. - Astruptunet. Verdi: svært viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fottur. Attraksjonar: Museum med hage og kulturlandskap. Tilrettelegging: Parkeringsplass, stiar, gardsveg, informasjonspunkt m/QR-kodar, benkar, bord. - Bjørndalen. Grensar til Astruptunet og bilvegen ved Bjørndalsneset. Verdi: viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fotturar, jakt, ski/topptur. Tilrettelegging: Anleggs-/traktorveg. Gamle skilt. Parkering i Grushola. Attraksjonar: Isvassnipa, Knebben, Høgenuken, Brandsegga, Åsfjellet, Styggevatnet, Fagrevatnet; Kvileplassen m/steinbord. Beiteområde for storfe og sau.  |
| <p>Landbruk</p> | <p>Delområdet er i stor grad prega av landbruk. Gardstuna med tilhøyrande dyrka mark og innmarksbeite er sentrale i landskapet. Landbruksareala er i hovudsak knytt til dei tettast busette områda rundt vatnet, som rundt Hamnen, Dvergdaalen, Myklebust, Bjørndalsneset, Tohaugen, Strand og frå Hammar til Vassenden. Areal med dyrka mark ligg tett på vatnet. Areal med innmarksbeite ligg i hovudsak dei ofte brattare områda ovanfor dyrkamarka.</p> |
| <p>Infrastruktur og plan</p> | <p>Fylkesveg 5690 går langs Jølstravatnet og stadvis heilt tett på Jølstravatnet. I hovudtrekk er busetnaden på oppsida av fylkesvegen, med unntak av område ved Hamneodden/Hammen og Vassenden. Elles er det sporadiske bygg på nedsida av fylkesvegen, både naust/båthus og hytter.</p> <p>Det er to godkjente reguleringsplanar i området som ikkje er bygd ut:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Reguleringsplan Sandalsteigen hyttefelt frå 2006. Legg til rette for fritidsbustader. Ved Ånes. - Hyttefelt Bjørndalsneset frå 2009. Legg til rette for fritidsbustader. |
| <p>Oppsummering</p> | <p>Frå Sandvika/Hamnaodden er funksjonell strandsone i hovudsak avgrensa ved 30 meter. Frå Dvergdaalselva/ Buhammaren går fylkesvegen i hovudsak heilt i vasskanten heilt fram</p> |

til Vassenden i vest, og skapar ei barriere mot vatnet. På denne strekka er funksjonell strandsone i hovudsak avgrensa av vegen, forutan dei områda der vegen går lengre frå vasskanten (som i neset ved Myklebust og Bjørndalsneset). Det er fleire naust/ båthus som ligg heilt tett på vatnet, desse er inkludert i funksjonell strandsone.

8.8 Delområde Kjøsnesfjorden


Kartleggingsområdet omfattar kartblad 19-22. Kjøsnes, med brua over Kjøsnesfjorden, dannar startpunktet for delområdet. Langs nordsida av Kjøsnesfjorden går gamlevegen, som i dag er stengt for trafikk. Vegen går stadvis gjennom tunnel. Med unntak frå denne vegen og enkelte hus/ hytter er nord/austsida av vatnet prega av skogsområde. Ny vegtrase går gjennom Kjøsnes-tunnelen, frå Kjøsnes til Lunde inst i Kjøsnesfjorden. Frå Lunde går Søgnesandvegen inn til Søgnesand. Sørsida av fjorden mellom Søgnesand og Sægrov er utan vegforbindelse, og er prega av utmark (skog) med ein trase for kraftledning i området ned mot fjorden. Begge sider av fjorden er prega av eit bratt terreng som strekker seg heilt ned mot fjorden. Kjøsnes, Lunde, Søgnesand, Sægrov, Sunde og Vollen er prega av spreidd busetnad og dyrka mark.






Figur 16 Funksjonell strandsone. Blå strek viser funksjonell strandsone. Svart stipla strek viser 100-metersbeltet og oransje strek viser 30 meter buffer frå vassdraget. Sjå vedlegg for større kart.

| Kriterium lagt til grunn for funksjonell strandsone (FS) | |
|--|--|
| Biologisk mangfald | <p>Det er registrert fleire naturtypar i delområdet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rik edellauvskog, utforming gråor-almeskog. Verdi «svært viktig». Denne naturtypen er registrert i området frå Kjøsnes og nesten til Ripe. Naturtypen grensar til funksjonell strandsone i delområdet, med overlapp berre nokre stader. |

| | |
|-------------------------------------|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Hagemark, registrert i området Kleivane – Vikane. Verdi «svært viktig». Naturtypen ligg heilt tett på funksjonell strandsone, med ein liten overlapp mot Kleivane. - Gråor-heggeskog, utforming flommarksskog. Registrert i nedre deler av Lundaelva. Verdi «svært viktig». Denne er inkludert i funksjonell strandsone. - I dalsida aust for Søgnesand er naturtypen «naturbeitemark» registrert. Denne registreringa grensar til funksjonell strandsone, men har ingen overlapp. <p>Jølstravatnet har ein bestand av storaure. Sidevassdrag er inkludert opp til 30 eller 100 meter der det ikkje er andre tema som avgrensar funksjonell strandsone.</p> <p>Kantvegetasjon klassifisert som skog jf. Kap. 7 er inkludert i funksjonell strandsone.</p> |
| Landskap | <p>Kjøsnesfjorden er omkransa av høge, bratte fjell, og dei blankskurte fjellsidene langs fjorden gjev landskapet eit markert trekk. På fjella inst i fjorden ser ein Jostedalsbreen.</p> |
| Kulturminne/ kulturmiljø | <p>Heile Kjøsnesfjorden er del av eit større område registrert som «kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse». Landskapet her er prega av Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden, som begge er omkransa av høge og bratte fjell. Langs Kjøsnesfjorden er dei blankskurte fjellsidene eit markert trekk, og på fjella inst i fjorden ser ein Jostedalsbreen.</p> <p>Landskapet rundt Jølstravatnet og Kjøsnesfjorden er sentrale i kunsten til Nikolai Astrup. Mange av særtrekka som prega desse områda, som slåttemarker, styvingstre, steingardar, stølsgrender, klyngetun/ rekkjetun og ikkje minst vatna og dei bratte fjella rundt, går att i bileta hans.</p>  |
| Friluftsliv | <p>Det er registrert fleire friluftsområde i og i tilknytning til Kjøsnesfjorden:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kjøsnesfjorden. Verdi: Svært viktig friluftsområde. Områdeskildring: Kajakk, padling, roing, båtutfart, fiske, sykkel, fottur. Tilrettelegging: gamle vegstrekningar utanfor dagens tunellar, fungerer som tur-/sykkelveggar. Attraksjonar: Kjøsnes m/freda stove og strandsone. Beiteområde for geiter. - Lundevasenden. Verdi: viktig friluftsområde. Områdeskildring: Bading, fiske. Tilrettelegging: Båttulån Jølster Jeger og fisk, bord og benkar. Attraksjon: Sandstrand. Utgangspunkt for kano/kajakk. - Grovabreen - Søgnesanddalen. Området ligg på sørsida av fjorden, og strekk seg frå fjorden og opp til Grovabreen. Verdi: viktig friluftsområde. Områdeskildring: Fottur, ski, brevandring. |

| | |
|-------------------------------------|---|
| |  |
| <p>Landbruk</p> | <p>Langs Kjøsnestjorden er landbruksareala konsentrert rundt dei busette delane av fjorden, ved Kjøsnest, Lunde, Ripe, Søgnesand og frå Sægrov til Sandvika. Areal med dyrka mark ligg ned mot fjorden. Areal med innmarksbeite ligg i dei brattare områda ovanfor dyrkamarka. Ved Ripe og Sægrov ligg innmarksbeite og heilt ned mot fjorden. Heilt i austenden av fjorden, sør for Lunde, er naturtypen naturbeitemark registrert i dalsida under fjellet Søgnesandnipa.</p> |
| <p>Infrastruktur og plan</p> | <p>Frå Kjøsnest går gamlevegen langs fjorden innover til Lunde, eit strekke i tunnel. Denne veggen er stengt for trafikk. Kjøsnest er prega av utbygging av ny riksveg 5 og tunnelinnslag. Ved Lunde kjem nye riksveg 5 ut av tunell. Her ligg og Moskog trafostasjon. Frå Lunde går Søgnesandvegen til Søgnesand. Det går og ein bilveg frå Sandvika til Sægrov. Frå Søgnesand til Sægrov går ei høgspenteleidning langs fjorden. Her går og ein enkel traktorbilveg.</p> |
| <p>Oppsummering</p> | <p>På nordsida av Kjøsnestfjorden er funksjonell strandsone i hovudsak avgrensa av gamlevegen. Der veggen går i tunnel er grensa satt med utgangspunkt i terrenget. Større sidevassdrag er inkludert opp til 100 meter der det ikkje er barrierar som kulvert e.l. Ved Lunde er naturtypen langs Lundeelva inkludert, og grensa er trekt 100 meter oppover elva trass i brua. Frå Lunde til Søgnesand er grensa satt langs veggen. Frå Søgnesand til Sægrov er grensa delvis satt på 30 meter, delvis avgrensa av høgspenteleidninga og delvis av terreng. Større sidevassdrag er inkludert 100 meter oppover vassdraga. Frå Sægrov til Sandvika er funksjonell strandsone delvis avgrensa av bilveggen og delvis satt på 30 meter grunna det opne landskapet som er her.</p> |

9 Vedlegg

- Arealstatuskartlegging: Temakart
- Kantsonevegetasjon: Kartleggingskart
- Funksjonell strandsone: Kart med resultat
- Funksjonell strandsone: Temakart